

STIFTELSESDOKUMENT FOR FOREINGA SANDANE DATASTOVE

STIFTERE

Den 01.02.2021 besluttet følgende stiftere å stifte foreininga Sandane Datastove:

Gloppen Pensjonistlag (organisasjonsnr.: 997352939)
Boks 100, 6823 SANDANE,

Seniornett Gloppen (organisasjonsnr.: 914968267)
Firdavegen 16, 6823 SANDANE,

DRIFTSKAPITAL

Dei to stiftarane stiller med ein startkapital på kr 10.000,-. Denne kapitalen er å sjå på som eit lån som skal tilbakebetalast når foreininga har opparbeidd eigen økonomi.

STIFTELSESUTGIFTER

Foreininga skal dekke utgiftene til stiftelsen av foreininga. Stiftelsesutgiftene utgjør:

Registreringsgebyr til Einheitsregisteret/Frivillegregisteret	kr 2 000
Sum stiftelsesutgifter:	kr 2 000

VEDTEKTER

Stifterne fastsatte vedtektene for Sandane Datastove. Vedtektene følger vedlagt og er å anse som en del av stiftelsesdokumentet.

STYRE

Foreininga sitt styre skal vere:

Styreleder	Jon Gimmestad
Nestleder	Odd Eide
Styremedlem	Ragnar Andenæs
Styremedlem	Johan Moldestad
Varamedlem	Aud Karin Netland
Revisor	Kari Isene

UNDERSKRIFTER

Undertegnede erklærer med sine underskrifter Sandane Datastove som stiftet.

Jon Gimmestad
for Gloppen Pensjonistlag

Ragnar Andenæ
for Gloppen Pensjonistlag

Johan Moldestad
for Seniornett Gloppen

Berit Gloppestad
for Seniornett Gloppen

-x-

Vedtekter

§ 1 Foreininga sitt namn

Foreininga sitt namn er Sandane Datastove

§ 2 Føremål

Foreininga sitt føremål er å betre den digitale kompetansen for seniorar, fortrinnsvis over 65 år, motvirke einsemd ved å fremje digital kommunikasjon med familie og vener.

Føremålet skal ein oppnå gjennom følgande aktivitetar:

- Etablere ei Datastove på Sandane
- Drive kursing/opplæring i eit samarbeidsprosjekt mellom Seniornett og Pensjonistlaget.

§ 3 Organisasjonsform

Foreinga er ein frittståande juridisk person med medlemmer, og er sjølvvegande. At den er sjølvvegande medfører at ingen, verken medlemmer eller andre, har krav på foreininga si formue eller eigedeler, eller er ansvarleg for gjeld eller andre forpliktelsar.

§ 4 Medlemmer

Foreininga er open for alle over 65 år.

§ 5 Rettigheter og plikter knytta til medlemskapet

Alle medlemmer har rett til å delta på årsmøte, har stemmerett og er valbare til tillitsverv i foreininga. Medlemene pliktar å forholde seg til vedtak som er fatta av årsmøte.

§ 6 Årsmøte

Årsmøtet, som skal holdast kvart år, er foreininga sitt øvste organ. Årsmøtet er vedtaksført med det antal stemmeberettiga medlemmer som møter, og alle medlemmer har ei stemme. Møteleiar blir vald av årsmøtet.

Med mindre anna er bestemt, skal eit vedtak, for å være gyldig, vere gjort med alminneleg fleirtal av dei gjevne stemmene. Stemmeliikhet blir avgjort ved loddrekning.

Årsmøtet blir innkalla av styret med minst ein månads varsel, direkte til medlemene eller ved kunngjering i Firda Tidend. Forslag som skal behandlast på årsmøtet skal vere sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste må vere tilgjengeleg for medlemene seinast ei veke før årsmøtet.

Årsmøtet kan ikkje behandle forslag som ikkje er oppført på saklista, med mindre 3/4 av dei frammøtte krev det.

§ 7 Årsmøte sine oppgaver

Årsmøtet skal

- behandle årsmelding
- behandle revidert rekneskap
- behandle innkomne forslag
- fastsette kontingent
- vedta budsjett
- velge:
 - leiar og nestleiar
 - styremedlemer
 - varamedlemer
 - revisor

§ 8 Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinært årsmøte blir helde når styret bestemmer det, eller minst 1/3 av medlemene krev det.

Innkalling skjer på same måte som for ordinært årsmøte, med minst 14 dagers varsel.

Ekstraordinært årsmøte kan bare behandle og ta avgjerd i dei sakene som er kunngjort i innkallinga.

§ 9 Styret

Foreninga har eit styre på 4 medlemer og 1 varamedlem. Styret er høgste myndighet mellom årsmøta. Styret skal holde møte når styreleiar eller et fleirtal av styremedlemene krev det.

Styret skal

- iverksette årsmøtevedtak
- oppnemne eventuelle komitear, utval eller personer som skal gjere spesielle oppgåver, og utarbeide instruks for desse
- administrere og føre naudsynt kontroll med foreininga sin økonomi i samsvar med gjeldande instruksar og bestemmelsar
- representere foreininga utad

Styret kan fatte vedtak når et fleirtal av styret sine medlemer er til stades. Vedtak blir gjort med fleirtal av dei gjevne stemmene.

§ 10 Signaturrett

Det er styret sine medlemer i fellesskap som har signaturrett.

§ 11 Vedtektsendring

Endringer av vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på saklista, og det krevst 2/3 fleirtal av dei gjevne stemmene.

§ 12 Oppløysing

Oppløysing av foreininga kan berre behandlast på årsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

Foreininga si formue skal etter vedtak om oppløysing og betaling av evt gjeld, gå til det føremål som foreininga arbeider for å fremje, ved at nettoformua blir gjeven til ein ideell organisasjon som årsmøte bestemmer. Ingen medlemmer har krav på foreininga sine midlar eller del av dei.

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret

Organisasjonsnummer:	826 602 392
Navn/foretaksnavn:	SANDANE DATASTOVE
Organisasjonsform:	Forening/lag/innretning
Forretningsadresse:	c/o Jon Gimmestad Dimmavegen 23 6823 SANDANE
Kommune:	GLOPPEN
Postadresse:	Postboks 100 6821 SANDANE
Registrert i Enhetsregisteret:	16.02.2021
Stiftelsesdato:	01.02.2021
Aktivitet/bransje:	Betre den digitale kompetansen for seniorar, fortrinnsvis over 65 år, motvirke einsemd ved å fremje digital kommunikasjon med familie og vener.
Næringskode(r):	94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted
Sektorkode:	7000 Ideelle organisasjoner
Særlige opplysninger:	Registrert i Frivillighetsregisteret
Styre:	
Styrets leder:	Jon Gimmestad
Nestleder:	Odd Magne Eide
Styremedlem:	Ragnar Olaf Andenæs Johan Moldestad
Signatur:	Styret i fellesskap.

Organisasjonsnummer:

974 760 673